



BOKN ARBEIDARPARTI

PROGRAM FOR VALPERIODEN 2015 - 2019

Bokn Arbeidarparti sitt program for kommunevalet 2015 tar for seg sentrale levekår med stor betydning for deg som bur i Bokn. Me presenterer tankar og strategiar for utviklinga i lokalsamfunnet, og korleis me vil løysa utfordringane.

Bokn er ein god kommune å bu i, og det skal han framleis vera! Strukturendringar som kommunereforma, sentralisering, auka arbeidsløyse, usikker skatteinngang og start av vegprosjektet Rogfast er nokre av faktorane som påverkar kommunen og oss som bur her.

Bokn kommune er liten i innbyggartal, men stor med tanke på ressursar! Me har ein veldriven kommune med bra økonomi, lokal kompetanse, store areal med mykje kystlinje som er attraktiv for næringslivet, arbeidsplassar og bustadbygging. Og, ikkje minst, har Bokn ein strategisk plassering som knutepunkt mellom sør og nord i Rogaland fylke.

Bokn Arbeidarparti sitt slagord for valkampen i haust er

Med hjartet i Bokn - og blick for framtida.

Med det seier me at Bokn er best tent med å halda fram som eigen kommune. Samstundes rettar me blikket framover for å gripa moglegheitane, ta utfordringar og skapa vekst og trivsel.

Me har tru på eit breitt lokalpolitisk og interkommunalt samarbeid, og ynskjer dialog med næringsliv, innbyggjarar, organisasjonar og kommunen sine tilsette i den nye valperioden.

Me håpar Bokn Arbeidarparti får din tillit ved kommunevalet i haust.

GODT VAL !

Kari Christensen

Kyrre Lindanger

Ordførarkandidat

Leiar Bokn Arbeidarparti

1. MED HJARTET I BOKN OG BLIKK FOR FRAMTIDA !

Bokn har vore eigen kommune i 165 år. Me skal ikkje bli ein utkant i ein storkommune på Haugalandet. Lokaldemokrati fungerer best der det er nærleik til styresmakter og beslutningstakarar med lokal kunnskap. Me vil :

- ✓ behalda korte avstandar til sentrale funksjonar som kommunesenter, skule, barnehage, helsetenestar og sjukeheim
- ✓ ivareta og utvikla interkommunalt samarbeid der det er hensiktsmessig

I arbeidet med kommunereforma vil me:

- ✓ halda kontakt med utviklinga gjennom prosessar i samarbeidsfora, nettverk og organisasjonar
- ✓ invitera innbyggjarar og tilsette med i dialogen
- ✓ stå på Arbeidarpartiet sin føresetnad om reell frivilligheit dersom endra rammevilkår tvingar fram forslag om kommunesamanslåing

2. OPPVEKST – BARN OG UNGE

Ein god barndom varar heile livet! Bokn skal ha eit oppvekst- og læringsmiljø med god kvalitet i barnehage, SFO og skule. Nokre barn og unge treng ekstra utfordringar, andre ei tettare oppfølging. Fleire unge må få høve til å ta yrkesfagleg utdanning.

Arbeidarpartiet legg vekt på :

- ✓ tilstrekkeleg og kompetent personale i barnehage og SFO
- ✓ auka lærartettleik med meir tid til kvar enkelt elev
- ✓ gjeninnføring av skulefruktordninga
- ✓ effektive og samordna helsetenestar for barn og unge, med fokus på tidleg intervensjon
- ✓ oppgradere av skulen sitt fysiske miljø inne/ute
- ✓ styrking av kulturskuletilbodet
- ✓ etablering av to kommunale lærlinge plassar

3. HELSE, PLEIE OG OMSORG

Det må vera tilstrekkeleg kapasitet og kompetent personale til å bistå personar med kroniske sjukdommar, demens og ulike typar funksjonssvikt. Det same gjeld sosiale problem, rus- og psykiatrirelatert hjelpebehov. Det er viktig å ivareta helsefagleg kompetanse gjennom lokalt forankra tilbod, som fysioterapeut, kommunelege og tannhelseteneste.

Eldre på Bokn skal ha ein verdig alderdom, der det blir lagt til rette for at den enkelte kan bu i eigen heim så lenge som mogleg. Eldre må også motiverast til å bruke egne ressursar for å planlegge alderdom med tilpassingar i eigen bustad.

Me ynskjer å vurdera etablering av ein frivilligsentral, tilgjengeleg for alle som ynskjer å vera med i frivillig verksemd. Sentralen skal gje tilbod til målgrupper der handsrekkingar og sosial kontakt kan førebyggja einsemd og sjukdom. Me har tru på at folk i alle aldrar - ikkje minst aktive seniorar - kan vera verdfulle medspelarar i ein slik frivilligsentral.

Arbeidarpartiet vil prioritera:

- ✓ førebyggjande folkehelsearbeid
- ✓ auka kapasiteten på sjukeheimen
- ✓ fleire omsorgsbustadar
- ✓ modellar for frivilligsentral
- ✓ å støtta pårørandegrupper
- ✓ å ta i bruk omsorgsteknologi
- ✓ vidareutvikling av sansehagen ved Boknatun
- ✓ løysingar for eit lokalt tannhelsetilbod
- ✓ å delta i interkommunal barnevernsvakt

4. BUSTAD OG NÆRMILJØ

Nye vegsamband i regionen vil auka etterspurnaden etter bustadar og tomter. Arbeidarpartiet vil vera pådrivar for at fleire busett seg på Bokn, med aktiv marknadsføring og tiltak for trivsel og nærmiljø. Me vil :

- ✓ legga tilrette for fleire bustadtomter
- ✓ auka veglysfrekvensen på Austre Bokn
- ✓ få lys på turstien i Føresvik i samarbeid med lag og organisasjonar
- ✓ prioritera gjennomføring av kyststien frå Føresvik til Alvestad
- ✓ vera pådrivar for utbetring av lokalt vegnett, spesielt med tanke på trafikksikring for fotgjengarar og syklistar
- ✓ oppretthalda ordninga med startlån til unge fyrstegangsetablerarar
- ✓ ikkje ha eiendomsskatt på boliger
- ✓ prioritera arbeidet med å laga, og realisera sentrumsplan for Føresvik

5. KULTUR OG FRITID

Frivillig sektor spelar ein sentral rolle på Bokn, både i kultur- og idrettsaktivitetar, i folkehelsearbeidet samt for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. For ein aktiv og allsidig kultur- og fritidspolitikk vil me prioritera :

- ✓ samhandling med og støtte til frivillige lag og organisasjonar
- ✓ rask ferdigstilling av fleirbrukshallen gjennom god prosjekt- og økonomistyring
- ✓ styrking av kulturskulen
- ✓ å behalda Bokn Bygdablad som kulturformidlar og informasjonskanal
- ✓ å få vurdert modellar for finansiering og utvikling av eit levande kultur- og historiesenter som også tar vare på Bokn bygdamuseum si samling
- ✓ vidareutvikla Kyrkjebygd som treffstad for barn og unge

6. NÆRINGS LIV, KOMMUNIKASJON, MILJØ

Bokn arbeidarparti ynskjer eit allsidig, framtidretta og miljøvennleg næringsliv i kommunen. Landbruket har potensiale for nye aktivitetar og har ein verdifull rolle med å ta vare på kulturlandskapet. Kommunen har gode føresetnadar for meir sjøretta næringsverksemd. Vegprosjektet Rogfast vil gi synergjar i form av ny sysselsetting og næringsaktivitet. Me vil arbeida for :

- ✓ tett oppfylgging av alle sider ved vegprosjektet Rogfast
- ✓ at det er tilgjengelege næringsareal og hensiktsmessig infrastruktur
- ✓ nyskaping som gir nye arbeidsplassar
- ✓ bruk av næringsfond og næringsforum for å stimulera til innovasjon
- ✓ utbetring og utviding av lokalt vegnett relatert til næring
- ✓ at miljøperspektivet inngår i aktivitetar og planlegging i offentleg verksemd og privat næringsverksemd

7. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON OG ARBEIDSGJEVAR

Bokn kommune skal vera ein attraktiv og trygg arbeidsplass med ein framtidretta arbeidsgjevarpolitikk. Det kommunale apparatet må ha brei kompetanse og naudsynt fleksibilitet for å kunne tilpassa seg behov og utfordringar, og yta god service til innbyggjarane. Arbeidarpartiet legg vekt på :

- ✓ at kommunal omstilling og effektivisering skjer i nært samarbeid og dialog med leiing, fagrøyrse og tilsette
- ✓ at det er kontinuerleg fokus på vidareutvikling av IKT og servicetorgfunksjonar
- ✓ å vurderer bruk av 3. etasje på Boknatun som ein ressurs